Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: Merethe Svarstad | Marit Nedreli | 13.07.2023 |
| Vår: 19/1455 - 23/15896 | marit.nedreli@osteroy.kommune.no | |

# 1/6 Loftås - Riving av eksisterande verkstad og oppføring av nytt lager- og kontorbygg - ferdigattest

**Administrativt vedtak. Saknr: 189/23**

**Tiltakshavar:** Byggmester Solberg As
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS
**Tiltak:** Riving av verkstad og oppføring av nytt lager og kontorbygg
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

**Kommunedirektøren sitt vedtak:**

**"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av verkstad og oppføring av nytt lager- og kontorbygg på gnr. 1 bnr. 6.**

**Dokumentasjon for ferdigmelding røyrleggjararbeid må sendast inn på nytt så snart som mogeleg, og seinast innan 31.08.2023.**

**Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.01.2023 saknr. 026/23 med fleire. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles synt til søknad motteken 23.06.2023 med tillegg motteke 04.07.2023.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Gnr. 1 bnr. 6. |
| Bygningstiltak: | Riving av verkstad og oppføring av nytt lager og kontorbygg |

**Vurdering**

Motteken gjennomføringsplan syner at ansvarleg søkjar har motteke samsvarserklæring for utført sanitærinstallasjonar den 21.06.2023 frå føretaket Rørlegger vest AS.

Det er opplyst i søknaden at ansvarleg røyrleggjarføretak har send inn ferdigmelding for VA direkte til kommunen. Dette er ikkje registrert inn i kommunen sitt arkivsystem.

Kommunen har hatt ein del problem med registrering av post, og på grunn av ferieavvikling er det vanskeleg å få ei fullstendig oversikt.

Kommunen vurderer at dokumentasjon for ferdigmelding røyrleggjararbeid må sendast inn på nytt, så snart som mogeleg, og seinast innan 31.08.2023. Meldinga skal merkast med saksID og sendast til ei av kommunen sine offisielle adresser, og ikkje direkte til sakshandsamar.

Kommunen legg motteken søknad om ferdigattest med vedlegg til grunn for handsaminga og skriv ut ferdigattest for tiltaket.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

**Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1455.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tore Johan Erstad<br>leiar | Marit Nedreli<br>fagansvarleg byggjesak |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Brann-redning tilsyn

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |
| Byggmester Solberg As | Kleivelandsvegen 53 | 5281 | VALESTRANDSFOSSEN |